

Oppsummering innspel- planoppstart

Plannamn	Detaljregulering for kulturhus, næring og kontor på gbnr: 119/15, 119/25, 119/218, 119/320 og 119/435 på Raudeberg,
Plan-ID	201601
Saksnummer (Nordplan/kommune)	16021
Utarbeidd av	May-Britt Drage Bakke
Datert/revidert	28.11.2016

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordenes Tidende avis og på kommunen si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 08.04.2016 Det kome inn 8 innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	Dato/avsender/gbnr	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	28.03.2016 Asgeir Berg	Protesterer på endring av reguleringsplan vedr. gbnr. 119/25. Aksepterar ikkje at det blir åpna for bygg inntil 4 etasjer. Området er regulert for parkering og ikke til andre formål. Aksepterar ikkje bygg på 4 etasjar, då dette er over det som er høgde på bygg i området. Området vil også bli lukka for utsikt, noe som vil forringe vår eigedom vesentleg i verdi.	Merknaden er delvis teken til følge. Høgde på framtidig bygg er redusert. Maks byggehøgde er sett til kotehøgde 11, dvs. inntil 3 etasjar.
2	06.04.2016 Erna Berg	Bygg på 4 etasjar på gbnr. 119/25 kontra parkering på bakkenivå er ein vesentleg endring i formål og ikkje i tråd med overordna plan. Det er per i dag begrensa utsikt mot sjø for naboar på motsatt side av fv. 617 og dette vil føre til at heile område oppfattast som ein vegg mot sjøen. Det er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg med endring av formål på dette området, men avhengig av formål vil ein kunne godta bygg på inntil to etasjar på gbnr. 119/25.	Viser til vår kommentar ovanfor.
3	10.03.2016 Norges Handikapforbund	Viser til lover og regler om universell utforming, og regner med dette leggst til grunn.	Merknaden er følgt opp i føresegner.
4	15.03.2016 Sogn og Fjordane Fiskarlag	Fylling i sjø må ikkje forringe tilkomst til eksisterande fiskerikai/molo. Ved moloen må det avsettast nok areal for parkering av bilar for brukarar av moloen, for varelevering og tilkomst til moloen.	Merknaden er delvis teken til følge. Fylling i sjø vil ikkje forringe tilkomst til eksisterande fiskerikai/molo. Offentleg veg (o_SV2) er vist frå fylkesvegen (o_SKV1) til areal for molo (o_BAS1) på plankartet.

		<p>Det bør tilretteleggjast for uttak for vatn og strøm for moloen i samband med Kystverket og Nordfjord Hamn IKS.</p> <p>Sogn og Fjordane Fiskarlag håpar at utbyggjar kan tilpasse ynskja frå fiskarane. Og dette kan takast med i det vidare planarbeid til fordel for alle brukarar.</p>	<p>Då ein innanfor planområdet ikkje opnar for utbygging på areal for molo (o_BAS1), er innspel om straum og vatn ikkje følgt opp. Føresegner opnar derimot for at det kan etablerast parkeringsplassar og tiltak som t.d. sitjegrupper innanfor o_BAS1.</p>
5	16.03.2016 Fiskeridirektoratet	<p>Det er ikkje registrert andre fiskeriinteresser i det aktuelle området enn fiskerihamn ved den aktuelle moloen på Raudeberg. Det marine biologiske mangfaldet vert i liten grad berørt.</p>	<p>Merknader er teken til orientering.</p>
6	30.03.2016 Statens vegvesen	<p>Aktuelle veganlegg skal utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100. Tilkomst frå fv. 617 krev utforming som kryss eller avkøyrsl. Samde med kommunen om at det bør etablerast tosidig fortau.</p>	<p>Tilkomst frå FV 617 er utforma som avkøyrsl i plankartet. Krav om tosidig fortau er følgt opp.</p> <p>Viser til planomtalen for omtale av trafikklysing.</p>
7	30.03.2016 Noregs vassdrags- og energidirektorat	<p>Planområdet er definert som potensielt fareområde for snø- og steinskred. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet.</p> <p>Viser til Nordplan si oppmoding til NVE ved varsel om planoppstart å vurdere ei uttale frå geolog ang. faktisk skredfare i planområdet. NVE oppmodar om at det vert teke kontakt med Vågsøy kommune. Kommunen har ansvar for å vurdere og ta stilling til om skredfare er tilstrekkeleg utgreidd.</p>	<p>Merknader er teken til følgje.</p> <p>Uttalen frå geolog som NVE viser til konkluderer med følgjande: «<i>Den samlede sannsynligheten for at et stort nok snøskred løsner og går i retning aktuelt bygg vurderes derfor som liten. Det er derfor vår vurdering at bygget oppfyller krav til sikkerhet mot skred for sikkerhetsklasse S3 og at det ikke er behov for en befarings for å vurdere skredfaren for bygget ytterligere.</i>» Jf. uttale i e-post datert 18.05.2016, frå geologane Torgeir Sandøy og Kristian Loftesnes. Fullstendig uttale er oversendt til kommunen.</p> <p>Sakshandsamar Kujawski har i e-post datert 24.05.2016 gjeve tilbakemelding til Nordplan om at vurderinga er tilstrekkeleg for det vidare arbeidet.</p>
8	07.04.2016 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	<p>Fylkesmannen (FM) viser til skrivet «Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsarbeid». Vidare har FM følgjande kommentarar til oppstartvarselet (oppsummert): Natur og miljø: I tettstadsområde kan det vere fare for ureina grunn. Vi føreset at det vert gjort greie for problemstillinga i planarbeidet, og at nødvendige tiltak for å hindra spreining av ureining og miljøgifter, både på land og i sediment i sjøen, blir avklart og gjennomført.</p>	<p>Merknaden er teken til følgje.</p> <p>I etterkant av oversendt merknad tok Nordplan kontakt med Fylkesmannen og Vågsøy kommune, for å få tilbakemelding på om det er tilfredsstillande at vi legg inn rekkefølgekrav i føresegnene om at grunnundersøking må utførast før bygningsmessige tiltak kan bli gjennomført på land, samt fylling i sjø. Det har i e-post frå Nyheim ved Fylkesmannen (datert 13.04.2016) og frå sakshandsamar Kujawski ved kommunen (datert 14.04.2016) blitt stadfesta at rekkefølgekrav er tilfredsstillande på reguleringsnivå. Dette er følgt opp i føresegner.</p>

--	--	--	--